

«en sød Plasken af Livets Vandspring»

A.O. Vinjes formidling av norsk
felespel til byfolk på 1850-talet

Kristian Hanto

Eit spørsmål som interesserer meg er korleis Vinje formidla det han meinte å finne av kvalitet i eit bestemt kulturuttrykk – nemlig felespel eller slåttespel – til eit publikum som las *Drammens Tidende* på 1850-talet – og t.d. *Morgenbladet* i 1849. Korleis fann han ord og vendingar på dansk til å beskrive denne kvaliteten, og kva for bilete og førforståingar spela han på for dette by-publikummet, for å få til ei forståingsformidling på tvers av uttrykkserfaringar? Stykka hans om norsk folkemusikk – og særleg Torgeir Augundssons spel – blir å lese som ein freistnad på å formidle bygdespel til folk som ikkje hadde peiling på ei musikkform han sjølv hadde vakse opp med. Og før Dølen fyrst kom ut i 1858 skreiv han om dette på samtidas alminnelege dansk, skriftmålet som folk fekk fortolka verda gjennom. Korleis

formidla han kunnskap om det eksotiske og sære bygdekulturelle til byfolk på eit språk som låg fjernt frå det som skulle omtalast? Korleis var omsettinga, og dermed fortolkinga?

Vinbyggen Aasmund Olavsson Vinje var sjølv blitt bymann på sitt vis, og blei i sitt vaksne liv ståande skrevs over den kløfta som fanst mellom bykultur og bygdekultur i samtida midt på 1800-talet.

Den 15. januar 1849 hadde Møllarguten¹ sin fyrste konsert i Christiania, den mykje omtala felleskonserten han heldt saman med Ole Bull i den gamle frimurarlosjen. Aslak Vinje var ein av dei som hadde følgd Torgeir på den lange ferda til byen, og då konserten bar til, sprang han bort på den tronge og kalde hybelen til Aasmund Olavsson og baud han fribillett til storhendinga. Dei var gamle vener. Men Aasmund ville ikkje vera med på spelinga, fortel Rikard Berge. «Si' de gange gali, så blei de for stort eit andsvar paa økkøn», sa han (Berge, 1972, s. 57).

Etter braksuksessen med konserten må Vinje kanskje ha fått litt dårleg samvit eller noko, for fire dagar seinare får han på prent det førnemnde stykket med tittelen «Møllargutten» i *Morgenbladet*. Her leverer han ein heil liten biografi over Møllaren, og hermer m.a. meisterspelemenn på Vestlandet:

Vi kunne ikke begribe, hvorledes det hænger sammen, vi faa aldrig den Lyd (Ljo) i Fela som han Møllargutten; desuden kan Ingen kaspille med ham: om man lærer hans Slaatter, saa spiller han dem næste Gang anderledes. (Vinje, 1849, *Morgenbladet* nr 19)

Her kan me undrast over at Vinje set sitt heimlege «Ljo» i parentes i ein dansk tekst. Danske parentesforklaringar i det landsmålet han frå slutten av 1850-talet skulle ytre seg i kom i nokon mon til å bli ein del av stilen hans, men telemålsforklaring

av eit dansk ord i ein tekst til Christiania-folk må då vera litt til å stusse over. Truleg hadde han ei kjensle av at det danske «Lyd» ikkje heilt dekte meiningsinnhaldet i det norske «Ljo[d]», og kanskje hadde han grunn til å tru at ein slik forklarande parentes også trefte noko av den heimlege språkkjensla hos ein del lesarar. Vinje viser elles fram dette som kan oppfattast som eit vidare meiningsinnhald i «Ljo» i si eiga dikting, t.d. fleire stader i diktsyklusen *Storegut* (Vinje, 1868):

Der bita Bukkarne mangein Blom,
og sjaa ned i Fossen under.
Det lægste Ljodet kjem att med Ljom.

(or *Daa Olaf vardt
bergtekjen*, s.35)

fraa Lid eg høyrede Ludrens Ljod.

(or *Olaf høyrer Musik
og Song i Byen*, s. 20)

Det minst var tjuge Mil fraa os
der aust der Slaget stod;
men endaa dunde som ein Foss
mot Fjellom Slagets Ljod.

(or *Storegut med seks
Brøder gjeng i Krig*,
s.54)

med eit som naglad fast han stod:
for mot'n kom eit Gjente-Ljod,

(or *Det syng fyr Store-
gut*, s. 59)

«Ljod» er notert som både hankjønns- og inkjekjønnsord hos Aasen, med hovudtydingane «Lyd», «Tone» og «Klang». Om det *eigentleg* var nokon semantisk skilnad på «lyd» og «ljod» i 1849 og den tid, er ikkje godt å seia, sjølv om meiningsinnhaldet i «ljod» sjølvsagt kan ha vore særtilpassa smalarbruksområde som i «feleljod». Korleis det no er og ikkje, er det rimeleg å tru at Vinje i alle fall må ha hatt ein tanke om at det var ein meiningsnyanse her som «Lyd» ikkje var heilt dekkande for.

Tilbake til Vinjes vidare bruk av spelemannssitatet frå Vestlandet. «Disse Yttringer karakterisere i deres Simpelhed udentvivel bedst Møllarguttens Genialitet», kommenterer han vidare i stykket.

De vise at han har sit Spil saaledes i sin Magt, at han ikke behøver at binde sig til den afsluttede Slaat, men at han efter Indfald kan variere den. De karakterisere hans energiske Buestrøg, og vise at Spillet saaatsige er hans eget Jeg. (Vinje, 1849, sst)

Vinjes tolking av utsegnene frå vestlandsspelemennene viser fram ein utøvar som improviserer ut frå slåttematerialet, og blir eitt med spelet sitt. Spørsmålet er kor godt verbalspråkets «etter Indfald» og «at Spillet saaatsige er hans eget Jeg» er eigna til å formidle spelet og mannen til *Morgenbladets* lesarar.

Vinje målar forresten også ut det materielt sett fattigslege livet til Møllaren, med berrfotte ungar som «klynge sig om ham» i lange vinterkveldar. Han teiknar eit bilete av ein enkel person som likevel har ei særleg kunstnarleg gåve i slåttespelet.

Hans tale er forvirret og alene den opmærksomme Iagttagger kan opfange de forekommende Glimt, der kan godtgjøre, at man har en ualmindelig Personlighed for sig. Han er

godhjertet og en Børneven, med et Ord, den Definition Shiller giver på et Geni passer fuldkommen paa ham. (sst.)

Anten dette biletet er pinleg korrekt eller ikkje, så fell det godt saman med samtidas romantiske oppfatning av estetikk og genialitet – og av den kunstnarlege rikdomen som var løynt i folkedjupet, hos «Almuen». Likevel endar den vesle biografien med eit ganske elitistisk syn på almuens uttrykk som råstoff for den *eigentlege* kunsten: «Det gaaer i denne Henseende med Nationer som med det enkelte Menneske; uden videnskabelig Udvikling er Geniet en usleben Diamant» (sst.). Men Vinje hadde ikkje vore Vinje utan at utsegna straks bråvender med eit, «og paatvungen Dannelse uden oprindelige Anlæg frembringer de meest jammerlige Figurer» (sst.).

Bladstykket til Vinje var nok meint smigrande for Møllaren, men det kan ikkje ha vore moro når han i same slengen får smurt fattigdommen sin ut over andresida i *Morgenbladet* i nokså tydelege ordelag. Ein kan undre seg over kva Vinje meinte med å fokusere så på dette. Han var jo sjølv ein kulturell og ideologisk forsvarar av Torgeir Augundsson. Var fattigdomsbeskrivinga meint apologetisk? Stykket er skrive slik at ein må rekne med at det knappast var meint for hovudpersonens augo. Biletet av det materielt fattigslege var kanskje også meint å gjera nytte gjennom den romantiske førestillinga om den geniale kunstnaren som representerte *rein natur* i motsetning til *kultur* og *sivilisasjon*, eller kanskje heller natur *som* kultur. Om røyster i den relativt smale 1800-talsoffentlegheita kunne gjere seg nytte av romantiske førestillingar for å vinne sympati for det eine eller andre, var det slett ikkje sikkert at dei delte dei same førestillingane.

Eit par år seinare skriv han om Møllaren att, no som hovudstadskorrespondent i *Drammens Tidende*. Det var den 23. februar 1851, og i denne sundagsutgåva skriv han i tilsynelatande

harmer over korleis Møllarguten blei omtala i samband med at han hadde vore pauseinnslag i teatret. Det var visst nokon som «skulde have næret Betænkkeligheder ved at lade Møllargutten optræde imellem Akterne, idet de bemærkede, at Møllarguttens Spil ikke strængt taget faldt ind under Begrebet Kunst». Vinje lurar då på «om disse gode Herrer vide hvad Kunst egentlig er», og held fram:

Man har ialfald Ret til at forudsætte en saadan Uvidenhed hos dem, aldenstund de ere i Tvivl, om hvorvidt Møllarguttens Spil er kunstmæssigt eller ikke. Dog, de maa ikke have hørt ham, eller ogsaa maa de ved Kunst forstaa Noget, som grunder sig paa kold og bevidst Mathematik. Geniets umiddelbare inderlige Udbrusning bliver da ingen Kunst; Orpheus, til Exempel, heller ingen Kunstner. Dog, Orpheus var maaske aldrig til, og dermed vil da Theaterdirektionen for et Øieblik være hjulpen. (Vinje, 1851, *Drammens Tidende* nr 46)

Her held han sitt vanlege leven med forståsegpåarar som agerer smaksdomarar og kunstkritikarar i avisspaltene, utan syn for anna enn den konvensjonelle smaken til dei «gode Herrer». Og forsvarer av spelet til Torgeir Augundsson som «kunstmæssigt» er klart og tydeleg, under etiketten «Geniets umiddelbare [...] Udbrusning».

Straks nedanfor i same stykket skriv han om at kongen dagen før hadde sendt bod etter Møllarguten, og om korleis han hadde spela bortimot ein time for kongen og prinsen. Det var Oscar I. som var konge i Sverige og Noreg i 1851, og om det var kronprinsen det var tale om, var det den seinare Karl XV. Dei høge herrar «maatte uvilkaarligt følge Virtuosenes trampende Bevægelser — de klappede og Kongen yttrede sin Beundring for denne eiendommelige rørende Musik». Kongen hadde vore så nøgd med

spelet at han sende bod etter Møllarguten dagen etterpå og ga han 40 dalar. «Jeg kommer i dette Øieblik fra Møllargutten», skriv Vinje, og vidare:

I sit naive Sprog strømmede han over af Lovtaler over Kongens Høflighed og Forekommenhed, og han sluttede med: «Aa jagu betalte han som en Konge.» En af Dagene vil han sandsynligviis give en Koncert. Maatte ogsaa Publikum den-gang have et aabent Øre for de fædrelandske Toner! (sst.)

Ein ting er no denne omtalen av det «naive Sprog» som Møllaren strøymmer over av. Vinje kjem stadig med desse karakteristikkane av Møllaren som kan verke litt kulturelt nedvurderande. Kanskje er det berre teikn på korleis korrespondenten tilpassar seg ein gjengs måte å omtala folk av «Almuen» på i samtida?

Men kva med musikkformidlinga? Med «Virtuosens trampende Bevægelser» utførte Møllaren sin «eiendommelige rørende Musik» til Kongens «Beundring», verdt så mykje som 40 dalar dagen etter. (Han hadde vel ikkje kontantar liggande så han kunne gjera opp med det same.) Dette skulle ein ikkje tru var orda til ein bygdar som Vinje – som vel måtte ha høyrte mykje felespel i oppveksten. Det må snarare vera ei språkleg tilpassing som samstundes tar opp i seg den forventa *doxaen* hos den avislesande drammensaren.

Så endar korrespondentbrevet med å opplyse om ein sannsynleg konsert med Møllaren ein av dagane, og med eit ønske om eit ope øyra for «de fedrelandske Toner» også denne gongen. Patriotiske grunnar, om ikkje anna.

Lenger ut på våren i 1851 er Møllaren i byen att, og han leigde denne gongen «den store Salon paa Klingenberg». Vinje skriv den 9. mars:

Man klappede og forlangte enkelte Slaatter *Dacapo*. Det være nu fordi Musiken virkelig fandt Anklang, eller fordi man, som det saa ofte skeer, klappede paa maafaa, nok, man klappede og det var Alt hvad baade Møllargutten og de virkelige Kjendere kunde forlange. Maaske Tanken om det virkelig Nationale ogsaa kunde gjøre Sit, ihvorvel dette Ord i den senere Tid er kommet i Miskredit, paa Grund af dets hyppige Føren i Munden af Folk, der ikke kunne have noget egentlig Begreb derom. Men det var et godt Publikum, der hørte paa Møllargutten, og dette er altid sig selv ligt. De nysgjerrig Flanevorne og Blasserte, der paa Grund af Nyheden sledes og reves om Billetter forrige Gang, han var herinde, udeblev nu fordetmeste. Nyhedens Interesse var forbi, og de gjorde derfor rettest i at blive hjemme, eftersom slige Folk ikke gaar i Theatret for at nyde, men for at bruge Lorgnetten. (Vinje, 1851b, *Drammens Tidende* nr 58)

Her markerer Vinje overfor leserane av *Drammens Tidende* at det er ein avstand mellom «de virkelige Kjendere» og dei som «klappede paa maafaa». Og det urbane jåleriet til «De nysgjerrig Flanevorne og Blasserte» får passet sitt påskrive.

Litt lenger nede held han fram slik, og her gjer han seg verkeleg umak for å måle fram noko av stemninga og essensen i den musikkforma han prøver å formidle:


Det er allerede Meget, at Byfolk, der fra Barnsbeen ikke have hørt Andet, end kunstig Musik, kunde have Øre for Møllarguttens forunderlige nationale Toner, og det vidner tilstrækkeligt om hans geniale Virtuositet. For Folk, som meget have færdets paa Landet og ikke ere blottede for musikalsk Sands, indeholder hans Spil noget uendeligt Vemodigt og tillige Overgivent; der ligger meget Rørende i den tilsyneladende Eensformighed, det er Folkelivet i sin musikalske og poetiske

Skikkelse, det er Poesien, som pibler frem af Folkelighedens eviggrønne Jordbund. Man forstaar alene denne Musik i og med Folket; man maa have seet Nationaldandsene for rigtigt at kunne fatte Tonerne i Hardangerfelen med dens dobbeltlydende «Sitterstrænge.» Man seer da, ligesom de dandsende Rækker, der sætte sig i Bevægelse, standse, og gjøre sine runde Hallingkast, man seer de kjække Bosser, der mærke en sort Plet under Himlingen og beskrive efter Nedfarten en Runddeel dreierende sig paa Hælen. Musiken har understøttet Dandsen og Dandsen igjen Musiken, de betinge gjensidigt hinanden. (sst.)

Møllarens spel er «Poesien, som pibler frem af Folkelighedens eviggrønne Jordbund». Vendinga er poetisk i sin eigen rett, sjølv-sagt, men også i umiskjenneleg romantisk stil. Edvard Hoem har sagt ein stad om hangen mange har hatt til å klistre Ivar Aasen til romantikken: «Folk slost ikkje for romantikken, men brukte romantikkens tankeverd for å realisere sine eigne politiske mål» (Heggelund, Vold & Skjøsberg, 1980:69). På same vis kan ein seia at dei språklege konvensjonane og trendane i dansk ordval på 1850-talet var den reiskapen også Vinje hadde til å *overtyde* og *overtala* med. Hans *persuasio* låg enno i korrespondenttida i eit språk som var merkt av romantikkens syn på nasjonens «eviggrønne Jordbund» av naiv genialitet i folkedjupet. Knappast nokon stad elles har vel Vinje heller greidd å formulere einskapen mellom musikk og dans på ein slik måte at opplevinga av det fysiske uttrykket for musikken blir ein føresetnad for ei fullgod forståing av slåtten i all sin «Eensformighed», eit uttrykk som samstundes er «uendeligt Vemodigt og tillige Overgivent».

I neste avsnitt tar det verkeleg av når han eksellerer, for ikkje å seie akselererer, inn i danskens retoriske blomeprakt:

Det kan ingen Tvivl være om, at Musiken kunde hæves til en



Or Drammens Tidende 9. mars 1851.

ukjent Høide af Sandhed og folkelig Inderlighed, dersom den kunstige Musik forstod at tilegne sig og forædle dette nationale Musikelement. Musiken har visselig ligesom Poesien revet sig løs ifra det Nationale og er saaledes en Plante uden Jordbund. Man kan blive forvænnet ved det Fremmedartede og den blege Rose under Glasklokken, men de oprindelige og sande Følelser komme i bedre Øieblikke bydende til Orde og man føler Livet tomt og forladt, ifald Naturligheden ikke ganske er udryddet. Derfor finde vi ligesom os selv igjen, naar vi høre vore umiddelbare Melodier og naar Øelenschlæger f. Ex. i sine heldigste Øieblikke indluller os i en poetisk Dvale; vi høre ligesom en sød Plasken af Livets Vandspring, og vore gode Genier vifte Sveden af vore Pander med sine Æthervinger. (sst.)

I samband med at *Schwarzenbacher-Kapellet* gav konsertar i «Logens mindre Sal» eit par gonger i veka, skriv Vinje i *Drammens Tidende* – oppunder jul i 1852 – at «Kapelmesteren Virech spiller en Violin, der er saa mjuk og gjennemsigtig, at den minder om O. Bulls» (Vinje, 1852, *Drammens Tidende* nr 291). Så forklarar han det danskframande «mjuk» i ein fotnote: «Et Udtryk som Møllargutten altid bruger for at betegne den fineste Blødhed og

Bøielighed i det musikalske Foredrag». Her kunne han vel like godt ha nytta det danske «myk», men han gjer seg altså umak med å nytte Møllargutens terminologi og ikkje minst utfyllande forklaring til å karakterisere ei kunstmusikalsk oppleving. Her gjer han altså i ein liten blenk Torgeir Augundsson – språkleg og fortolkande – til eit kunstkritisk referansepunkt. Samstundes er dette kanskje ein parallell til «Ljo»-parentesen i Morgenblad-stykket i 1849. Skribenten synest meine at «mjuk» seier noko meir presist enn «myk» nett i denne samanhengen.

I slutten av september 1858 les drammensarane igjen om Møllarguten som er på Christiania-tur for å «spille og tjene lidt». Vanskane med den sosiokulturelle avstanden og ei musikkform som byfolket fann vanskeleg tilgjengeleg kjem tydeleg fram i Vinjes stykke:

Men dette er vanskeligt for et Bypublikum, der er forvænt ved udenlandsk Musik og ikke skjønner stort paa den nationale, naar den ikke fremtræder skolemæssig. Møllarguttens Væsen anbefaler ham heller ikke hos et finere Publikum. Han er opdragen, kan man sige, næsten som en Vildmand og har vist netop derved tilegnet sig den Naturrøst, som saa uhørt toner fra hans Strænge. Det er ligesom en Beskikkelse, at han skal leve paa samme Tid som Bull, der kan tage hans Toner og forædle dem, hvorved de kunne opbevares for Nationen og blive Grundstemningen i vor nationale Musik, der engang maa komme til Værdighed, naar Tidens Fylde kommer. Ligesom vore Folkeviser dø ud med den ældre Slægt, saaledes gaar det ogsaa med Folkemusiken. (Vinje, 1858, *Drammens Tidende* nr. 225)

Framstegsoptimisten og opplysningsmannen Vinje er i alle fall ikkje nokon vidare kulturoptimist på vegner av den kunstforma

Møllarguten var ein meister i, når han slår over i ei gravtale over slåttespelet hans:

Møllargutten er, kan man sige, den sidste som han er den største Spillemand, et sandt Billede paa den gamle Aand, der gaar i Graven med sine mægtige Toner. Fattig er han og besynderlig; Ingen tør ligesom kjendes ved ham; han gaar som en Gjen-ganger; kun Fjeldfolket og Ole Bull ere henrykte i ham. Det vilde være af større national Betydning, end ret Mange tro, at han endnu maatte leve en god Stund, til O. Bull kom tilbage og i Ro kunde benytte ham som en Guldgrube. Ingen anden end Bull kan være Mellemlid og oversætte ham. Karakteren i hans Spil gaar tabt ved at fængsles til det almindelige Note-system, der ikke kan gjengive Alt. Bull og Møllargutten ere dyrebare Folk for vor nationale Musik, Møllargutten er en storartet Repræsentant for den gamle, ligesom Bull for den nye Fremtidens Musik. Den Ene afslutter en Bane og den Andre begynder en ny. (sst.)

Dette var det siste Vinje skreiv om Møllaren og slåttespel i Drammens Tidende, og truleg på dansk i det heile, i alle fall offentleg. Er det så nokon skilnad i omtalen av felespel å spora når han går over til landsmålet i oktober 1858?

Den 14. November 1858, i nr 4 av Dølen, har Vinje eit stykke om «Møllarguten og Olaf Bull». Teksten er liksom ein komparativ biografi over dei parallelle liva til Torgeir Augundsson og Ole Bull, i ein essayistisk og poetisk stil. Her hermer han Torgeirs eigne ord i omtalen av Ole Bulls spel: «den Bull'en er eit makalaust Menneki, han spilar so mjukt, og Ein kan sjaa og smaka paa Tonen; nei, om eg livde i tusind Aar, lærde eg aldrig at spila so» (Vinje, 1858b, nr 4). Det er primærsansane med sitt blikk og sin smak som tolkar kunsten i det nye skriftmålet.

I mai i 1860 nyttar han desse bileta, når han samanliknar spelet til ein tilreisande fiolinist – tsjekkaren Ferdinand Laub – med Ole Bull: «Laubs fine Tone var liksom af glas, og Bulls er som doggdropen, og liksom feit, so han kann kjennast paa Tunga» (Vinje, 1860, nr 30).

Her er elles ikkje så mykje musikalsk beskrivande å finne om slåttespelet til Møllaren eller andre felespelarar i Dølsens mål. Men det er i denne målbunaden han liksom glir inn i lagnaden til den jordbundne og så smått tragiske figuren frå Telemorki, når han avsluttar stykket om Møllaren og Bull i 1858 slik:

Eg, som paa mit Vis har havt det som Myllarguten – og dansat so mangei Gong etter Fela hans, eg sat der paa Conserten i den glimande Salen, sjaaande paa Myllarguten og tenkjande paa meg sjelf. Eg vilde mest kovna (miste Pusten) af Tankar. Der saate vi, som naar soli kjem skinande paa Ein etter Toka. Graaten vilde taka meg, der eg sat liksom i Huldreheimen, høyrande mi Voggevis, og takkande Gud og godt Folk, som havde hjælpt os fram. (Vinje, 1858b, nr 4)

Møllaren synest *vera* spelet sitt i Vinjes utlegging, slik kanskje Vinje kjenner seg å *vera* teksten sin. Det var ein knapp original-verbalitet knytt til Møllargutens musikksjanger. Å få transponert dette til ein meir ordrik verbalitet i den offentlege dansken på midten av 1800-talet, måtte bli ei vanskeleg oppgåve. Det er vel også rimeleg at det var og er slik. Når verbalisering av ei kunstform ikkje har knaggar hos mottakarane i form av erfaring med og såleis førkunnskap om sjølve kunstforma, blir det seigt for skribenten å skapa den forståinga han prøver å formidle.

Notar

- 1 Dette var kallenamnet på den mest vidgjetne spelemannen i norsk musikksoqe, Torgeir Augundsson (1799–1872), – eller Tarjei, som førenamnet hans blei uttala. Kallenamnet har to tradisjonsvariantar: *Møllarguten* eller *Møllaren* i Sauherad der han var fødd som sonen av møllaren Augund Torgeirsson, og der han fekk dette klengenamnet. I den forma blei det også seinare nytta i Aust-Telemark. Så blei dette omforma til *Myllarguten* eller *Myllaren* i Rauland og Vest-Telemark, der han budde mesteparten av det vaksne livet sitt. Begge – eller alle fire – namnevariantane lever side om side både i munnleg og skriftleg tradisjon etter Torgeir Augundsson.

Litteratur

- Berge, R. (1972). *Myllarguten; Haavard Gibøen*. Oslo: Noregs Boklag.
- Heggelund, K., Vold, H. & Skjønberg, S. (1980). *Forfatternes litteraturhistorie : 1 : Fra Maurits C. Hansen til Arne Garborg / bidrag av Jon Bing ... [et al.]* (bd. 1). Oslo: Gyldendal.
- Vinje, A.O. (1849). Møllargutten. *Morgenbladet*, (19). Henta frå <https://www.nb.no/items/4fcac1e51a9df928169017a812b91205?page=0&searchText=>.
- Vinje, A.O. (1851). Korrespondance. *Drammens Tidende*, (46). Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_drammenstidende_null_null_18510223_21_46_1.
- Vinje, A.O. (1851b). Korrespondance. *Drammens Tidende*, (58). Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_drammenstidende_null_null_18510309_21_58_1.
- Vinje, A.O. (1852). Korrespondance. *Drammens Tidende*, (291). Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_drammenstidende_null_null_18521212_21_291_1.
- Vinje, A.O. (1858). Korrespondance. *Drammens Tidende*, (225).

Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_drammenstidendedrammenattenfoertifem_null_null_18580928_27_225_1.

Vinje, A.O. (1858b). Myllarguten og Olaf Bull. *Dølen: eit vikublad*: 1858–1870, (4).

Vinje, A.O. (1860). Nokot um Felespil. *Dølen: eit vikublad*: 1858–1870, (30).

Vinje, A.O. (1868). *Storegut* (2. Uppl. utg.). Christiania: Samlaget.